
Fra: Arne Hoeyland <arhoy@online.no>
Sendt: fredag 23. mars 2018 08:03
Til: Ingebjørg Vamråk; Post Austrheim; Postmottak Radøy; Postmottak Meland; Postmottak Lindås; Post Masfjorden kommune; Postmottak Vaksdal; Post Osterøy; Postmottak Modalen
Emne: Re: bok om kystkulturen i Nordhordland

Hei

I går fekk eg svar frå Lindås kommune om deira interesse for deltaking i bokprosjektet, det verkar ikkje som Lindås er spesielt interessert, dei viser berre til tilskotsordningar ein kan søkja på

innkomne svar kan lesast på denne bloggen

<https://museumnytt.blogspot.no/2018/03/bok-om-kystkulturen-i-nordhordland.html>

No ventar eg på svar frå desse kommunane

Meland ,Radøy, Osterøy, Masfjorden, Vaksdal

Det kan vera eit problem i kommunane at det er mange i administrasjonen som har lite kunskap om kystkulturen i Nordhordland og difor ikkje ser at det er noko spesielt å skriva om. Eg legg difor ved lenke til nokre rapportar som vart skrevne etter Båt og sjøbruksregistreringane i Nordhordland i 1995 der utgangspunktet var ein plan for vern av kystkulturen i Nordhordland. Dette registreringsprosjektet vart igangsett av Hordaland Fylkeskommune men dei omfattande registreringane og planen om vern av kystkulturen vart aller gjort noko med av fylkeskommunen.

<https://museumnytt.blogspot.no/2018/03/bok-om-kystkulturen-i-nordhordland.html>

Helsing
Arne Høyland

Den 22.03.2018 08:23, skrev Arne Hoeyland:

Hei

Syner til epost frå meg den 25.02.2018 som gjeld bok om kystkulturen i Nordhordland. Førebelts har Fedje kommune kome med eit positivt svar og eg har var i møte med Modalen kommune i går og dei tykkjer også at dette er ein god ide. Det ville difor vera fint om dei andre tilskrevne kommunane vil svara meg slik at eg veit kven som kan vera interesserte i å sjå nærmare på prosjektet.

Helsing
Arne Høyland

Den 25.02.2018 23:15, skrev Arne Hoeyland:

Hei

Under Båt- og sjøbruksregistreringane i Nordhordland og Voss på 1990-talet vart det gjort mange intervju om bygningar, båtar, reiskapar, ord og uttrykk og levemåten i gamle dagar. Sidan eg har kopi av alle registreringane er det lett for meg å samla alle intervjuia i ei bok om det skulle vera av interesse. Då ville det vera naturleg at kommunane i Nordhordland og Voss gjekk saman om ei slik bok. Eg gjorde også ein del intervju i samband med registrering av grindbygde hus i Nordhordland og kunne eventuelt også ta med desse intervjuia i boka.

Eg tek gjerne eit møte med kommunane om dette skulle vera av interesse.

Helsing
Arne Høyland